



# Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 24.04.2023  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 09:30 - 14:35

Merknader:

Kl. 09.30-11.30: Felles samling for eldrerådet og RMNF i kantina. Tema: Workshop - tenesteanalyse for menneske med utviklingshemming.

Kl. 12.00: Felles orienteringsmøte for ER/RMNF

Deretter heldt RMNF fram møtet i kantina.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Jan Arild Lindaas	SAFO	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Erstad	FFO	Medlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland
Edith Jørgenvik	FFO	Liv Erstad

---

## Følgjande frå administrasjonen møtte:

Adrian Olausson-rådgjevar veg samferdsel og VA forvaltning, Eva Mikkelsen-rådgjevar Helse og omsorg, John-Petter Wadseth-kommunepsykolog for voksne, Siri Bye-avdelingsleiar for fysio-ergoterapitenesta og hjelpemiddellageret, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
016/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/23	Godkjenning av møteprotokoll
018/23	Meldingar og orienteringar til RMNF - 24.04.2023

### **016/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.04.2023:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 016/23 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **017/23: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.04.2023:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 13.03.2023 vart godkjent, samrøystes.

#### **RMNF- 017/23 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 13.03.2023 er godkjent.

## **018/23: Meldingar og orienteringar til RMNF - 24.04.2023**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.04.2023:**

#### **Behandling:**

Kl. 09.30-12.30: Felles "workshop" for ER/RMNF - Tenesteanalyse for tenester til personar med utviklingshemming.

Det vart gjeve følgjande meldingar og orienteringar:

1. Eva Mikkelsen-prosjektleiar gav status i Prosjekt leiing, kostnadsforbetring og ressurseffektiv drift.
2. Siri Bye-avdelingsleiar for fysio-ergoterapitenesta og hjelpemiddellageret orienterte om fysio-/ergoterapi-tenesta.
3. John Petter Wadseth-fagansvarleg orienterte om kommunepsykolog-tenesta – aktivitet og ventetid.

Desse tre orienteringane vart gjeve i fellesmøte for eldrerådet og RMNF.

4. Adrian Olausson-rådgjevar veg samferdsel og VA forvaltning, orienterte om gangveg-systemet i Knarvik/saksebommar.

#### **Uttale frå RMNF-24.04.2023:**

2. Fysio/ergoterapi-tenesta:

Rådet merkar seg at Alver har færre stillingsheimlar for ergoterapeutar i høve til folketalet enn andre kommunar, og at det til dels er lang ventetid for å koma til hos fysioterapeut. Begge desse yrkesgruppene er viktige i det førebyggjande arbeidet. Å knyta til seg fleire ergo- og fysioterapeutar vil sjølv sagt kosta, men det kan òg medverka til at ein slepp å setja i verk meir omfattande hjelpetiltak.

3. Kommunepsykolog-tenesta:

Rådet takkar for ei god orientering. Dette lågterskeltilbodet er viktig, ikkje minst i eit førebyggjande perspektiv.

4. Gangveg-systemet i Knarvik / saksebommar:

Rådet har hatt tematikken oppe tidlegare, men det verkar ikkje som dette har ført til særlege endringar i kvar og korleis bommane vert sette opp.

Det kom nyttige innspel undervegs i samtalen, og rådet ønsker tilbakemelding på korleis desse innspela og andre delar av tematikken vert følgd opp -- gjerne på møtet vårt den 5. juni.

Eit eksempel til etterfølging er bommane mellom byggjefelta og den nye skulen i Alversund. Dei er innretta slik at syklistar må seinka farten, samstundes som rullestolbrukarar kjem greitt fram.

RMNF tok meldingar til orientering.

### **RMNF- 018/23 Vedtak:**

#### **Uttale frå RMNF- 24.04.2023:**

##### 2. Fysio/ergoterapi-tenesta:

Rådet merkar seg at Alver har færre stillingsheimlar for ergoterapeutar i høve til folketalet enn andre kommunar, og at det til dels er lang ventetid for å koma til hos fysioterapeut. Begge desse yrkesgruppene er viktige i det førebyggjande arbeidet. Å knyta til seg fleire ergo- og fysioterapeutar vil sjølvstykta kosta, men det kan òg medverka til at ein slepp å setja i verk meir omfattande hjelpetiltak.

##### 3. Kommunepsykolog-tenesta:

Rådet takkar for ei god orientering. Dette lågterskeltilbodet er viktig, ikkje minst i eit førebyggjande perspektiv.

##### 4. Gangveg-systemet i Knarvik / saksebommar:

Rådet har hatt tematikken oppe tidlegare, men det verkar ikkje som dette har ført til særlege endringar i kvar og korleis bommane vert sette opp.

Det kom nyttige innspel undervegs i samtalen, og rådet ønsker tilbakemelding på korleis desse innspela og andre delar av tematikken vert følgd opp -- gjerne på møtet vårt den 5. juni.

Eit eksempel til etterfølging er bommane mellom byggjefelta og den nye skulen i Alversund. Dei er innretta slik at syklistar må seinka farten, samstundes som rullestolbrukarar kjem greitt fram.